



Referat styremøte HSG 28. Februar 2014

Stad: Hotel Ullensvang i Ullensvang

Til stade: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Steinar Steine, Anita Jordalen og Egil Øvstebø.
Per Marin Vatna hadde meldt forfall.

Til sak 18/14 Årsmøte HSG 2014 møtte:

Gjetarhundnemnda v/Bjørn Atle Nesheim
Avlsutvalet for sau v/Tore Atle Sørheim
Valnemnda v/Ola Steinsland
Ordførar i Årsmøte v/ Martin G. Haugland

Sak 8/14 Godkjenning av innkalling og referat frå 03.02.14.
Vedtak: Godkjent

Sak 9/14 Orienteringsaker:
- **Saueprosjektet Ny Giv v/ Reidar Kallestad:**
Reidar gjekk gjennom arbeidet så langt og orienterte om seiste møteserie
“*Tjen pengar på sau*en”. På dei 5 møta i Hordaland møtte 240 personar.
Eit godt program og god gjennomføring.
15. mars er det “**Fagdag bygg**” i Kvam. Her må me få til annonsering i
Bondevennen og helst omtale i dagspressa.

- **Jordbruksforhandlingar 2013, møte med faglaga v/Reidar Kallestad:**
Nils Inge Hitland og Reidar Kallestad har deltatt på fellesmøte me HB og
S&FB.

Sak 10/14 Brev frå Bergen og Os Sau og Geit om godkjenning av æresmedlem.
Vedtak: Brev frå Bergen og Os Sau og Geit om godkjenning av Roald
Kvamme som æresmedlem i Bergen og Os Sau og Geit.
Styret har ingen innvendingar til forslaget.

Sak 11/14 Vervekampanje

Det er utført eit godt arbeid i forbindelse med vervekampanjen. Ikkje alle lokallag har hatt same trykket, men dei lokallaga og enkeltmedlemmer som verkeleg har stått på har utført ein kjempe jobb!

Ein auke i medlemstalet på 94 nye!

Dette viser at det fortsatt er potensiale i medlemsvekst.

Vedtak: Kampanjen fortsetter eit år til, Styret løyver kr. 20.000.- for arbeidsåret 2014. Dette gjer at alle lokallag skal få tid til og gjennomføra vervinga.

Det var og sett av på budsjett for 2013 kr. 20.000.- til verving.

Beste lokallag er Bømlo med 14 nye medlemmer

Beste vervar er delt mellom Ivar Turøy Bømlo Sau og Geir og Tore Atle Sørheim Stord Sau og Geit. Begge blir påskjønta gratis fagtur/julebord i HSG. Til dei beste 4 beste lokallag får kvar kr. 4.000.- som er: Bømlo, Stord, Tysnes og Lindås og Meland.

Sjå tabell:

Lokallag	Type medlemskap	Verver	Type medlemskap	Verver	Totalt
Bømlo Sau og Geit	5 hovud/4 husstand/4 støtte	Ivar Turøy 13	1 husstand	Rune Nordtun	14
Stord Sau og Geit	2 hovud/6 husstand/5 støtte	Tore Atle Sørheim 13			13
Tysnes Sau og Geit	9 hovud/3 husstand	Oddvar Lunde 12			12
Lindås og Meland Sau og Geit	11 hovud	Reidar Kallestad 10	1 hovud	Jahn Tommy Midtgård	12
Ene Sau og Geit	2 hovud/1 husstand	Randi Frette	6 hovud	ukjent	9
Sveio Sau og Geit	8 hovud	Ole Andreas Våge			8
Kvam Sau og Geit	3 hovud/1 husstand/1 støtte	Tarjei Aalvik	2 hovud	Karluf Håkull/Steinar Steine	7
Austrheim Sau og Geit	4 hovud/2 husstand	Gunnstein Sætre	1 hovud	Roy Øksnes	7
Vaksdal Sau og Geit	4 hovud	Kjetil Rødland	2 hovud	Kari Brørvik	6
Fitjar Sau og Geit	4 hovud	John Karsten Raunholm			4
Vossestrand Sau og Geit	1 hovud	Anita Jordalen			1
Voss Sau og Geit	1 hovud	Anita Jordalen			1
Sum	66 hovud/18 husstand/10 støtte				94

Sak 12/14 Jordbruksforhandlingane 2014

Leiar i NSG Tone Våg og styremedlem i NSG Ove Holmås legger fram rapport “Utredning av endring av produksjonstilskot for sau/lam og geit/kje” for årsmøte og opnar opp for debatt.

Ut frå innspel i debatten vil HSG utarbeide uttales til jordbruksforhandlingane 2014

Vedtak: Ut frå debatt og innspel frå årsmøtet lagar HSG si innstilling til jordbruksforhandlingane 2014. Svarfrist for HSG er 2. mars

Sak 13/14 Invitasjon til årsmøtet i Hordaland Bondelag.

Vedtak: Reidar Kallestad er HSG sin utsending til deira årsmøte 14. – 15. mars.

Sak 14/14 Invitasjon til årsmøtet i Hordaland bonde- og småbrukarlag.

Vedtak: Anita Jordalen er HSG sin utsending til deira årsmøte 15. – 16. mars.

Sak 15/14 Handlingsplan for HSG 2014

Handlingsplan for 2014 ble diskutert.

Vedtak: Det blir lagt opp til stor aktivitet rundt “Ny Giv”. Handlingsplanen for 2014 blir lagt fram for årsmøte for godkjenning.

Sak 16/14 Budsjett for HSG 2014

Gjennomgang av budsjett. Viser ein forventna auke i medlemspengar. Det er og større utgifter med i årsmøte 2014.

Vedtak: Styret føreslår i budsjett for 2014 og løyva kr. 20.000.- til støtte for gjetarhund og kr 20.000,- til avlsarbeidet for sau.

I framlegg til budsjett 2014 er det eit underskot som skal dekkast opp av oppkjent kapital. Budsjett blir lagt fram for årsmøte for godkjenning.

Sak 17/14 Årsmelding for HSG 2013

Vedtak: Styret hadde ein gjennomgang av Årsmeldinga 2013. Årsmeldinga har vert ferdig ei stund og har vert tilgjengeleg på heimesida.

<http://www.nsg.no/hordaland/>

Årsmeldinga er og trykt opp og blir delt ut til alle som deltek under Årsmøte.

Sak 18/14 Årsmøtet HSG 2014

Vedtak: Til denne saka møtte Gjetarhundnemnda v/Bjørn Atle Nesheim, Avlsutvalet for sau v/Tore Atle Sørheim, leiar i valnemnda Ola Steinsland og ordstyrar i Årsmøte Martin G. Haugland.

Fordeling av oppgåver under Årsmøte og gjennomføring av Årsmøte Årsmeldinga, forslag til budsjett 2014, forslag til arbeidsplan 2014 og “Utredning av endring av produksjonstilskot for sau/lam og geit/kje” deles ut til Årsmøteutsendingane.

Sak 19/14 Ymse: Nytt styremøte pr. tlf. søndag 2. mars